



Vaksdal kommune

TILLEGGSINNKALLING BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

Møtedato: 20.09.2022
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 08:00 - 10:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Sølvi Legård epost solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Orienteringar

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
23/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL ARRANGEMENTET "EIDSLANDSVIKING" - EIDSLAND GRENDALAG

19. september 2022

Edvin Hesjedal
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
23/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	22/936

HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL ARRANGEMENTET "EIDSLANDSVIKING" - EIDSLAND GRENDALAG

Vedlegg:

Søknad bygdeutviklingsutvalet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eidslandet Grendalag får tildelt kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til arrangementet «Eidslandsviking» ved Åsen på Eidslandet i september 2022.

Tilskotet skal nyttast til å dekkje utgifter med arrangementet, jf. søknaden.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld ut 2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Eidslandet grendalag søker om kr. 15 000 ,- i tilskot arrangementet «Eidslandsviking» i september 2022.

Arrangementet skal formidle kulturhistorie frå jernalderen/vikingtida, med mange ulike gjeremål. Tilskippinga er open for alle, og det er lagt opp til aktivitetar for heile familien.

Arrangementet vert halde for første gong i år. Tilskotet det vert søkt om, skal vere med å dekkje naudsynte utgifter ved oppstart av tiltaket.

Kommunedirektøren finn at initiativet er i tråd med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål, og går inn for å løyve kr. 15 000, til gjennomføringa, i tråd med søknaden.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 275 000,- i tilgjengelege tilskotsmidlar til fordeling ved søknadsomgangen i september 2022.

I søknad av 01.08.22 søker Eidslandet Grendalag, v/ Hallvar Helle, om kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til arrangementet «Eidslandsviking». Tiltaket er planlagt til 23. – 25. september, ved Åsen på Eidslandet.

Arrangementet skal synleggjere og formidle kulturhistoria frå jernalderer/vikingtida. Her vil tilreisane «vikingar» mellom anna viser fram levesett og handtverkstradisjonar, *jf. nærare skildringar i søknaden*.

Arrangementet er oppe for alle, og det vert lagt opp til eit familieretta program, med aktivitetar for einkvar;

- bueskyting, øksekast, leik, song og musikk med meir.

Arrangementet vil krevje ein del innkjøp/investeringsar, som bygdeutviklingsmidlane er meint å nyttast til. I dette høvet viser kostnadsoverslaget i søknaden, kr. 16 000,- i budsjetterte utgifter (enkelt budsjett). I tillegg kjem eigeninnsats knytt til førebuing/tilrettelegging, tilsyn, drift og etterarbeid, *jf. søknaden*.

Det er lagt opp til fri inngang for born under 12 år, medan andre betalar kr. 50,- for heile helga. Grendalaget vil halde kafedrift i grendahuset.

Søknaden om bygdeutviklingsmidlar er fremja som hjelp til oppstart, der målet er å stå på egne bein i framtida. Intensjonen er årlege arrangement, eventuelt med moglegheit for å skipe eit opplevingssenter i kommunen om vikingtida (på sikt).

Formelt grunnlag:

- Kommuneleia - generelle sakshandsamingsreglar.
- Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet", vedtekne 26.05.20:

[Vaksdal kommune - Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling](#)

Vurdering og konsekvensar:

Søknaden vert vurdert å innfri krava til innhald etter retningslinjene for bygdeutviklingsmidlane. Vedlagt budsjett er enkelt og lite spesifisert, men vert sett på som tilstrekkeleg. Eigeninnsatsen er ikkje kvantifisert, men vil vere av vesentleg karakter. I tillegg er det naturleg å sjå krava til innhald i ljøs av det reeltivt låge søknadsbeløpet.

I følge retningslinjene skal bygdeutviklingsmidlane vere til ålmenn nytte, og stimulere til trivnad og levande bygdeliv, mellom anna i form av arrangement med ulike aktivitetar og gjeremål. Arrangementet «Eidslandsviking» innfrir desse krava, med kunnskaps-/kulturformidling, brei involvering og varierte opplevingstilbod.

Tiltaket er det første i sitt slag i kommune, og representerer soleis noko nytt og orginalt, sjølv om det vert halde liknande arrangement i andre kommunar. Tiltaket kan òg medverke til ytterlegare

aktivitet i kommunen på sikt.

Eidslandet som grend, har frå før av fått bygdeutviklingsmidlar til andre tiltak. Slik er det også for mange andre grender i kommunen. Kommunedirektøren legg difor mindre vekt på tidlegare tildelingar, dersom det er tilstrekkeleg med midlar tilgjengeleg. Innhaldet i tiltaka/prosjekta vert difor vektlagt sterkast, sjølv om grendene har fått tilskot ved tidlegare høve.

«Eidslandsviking» er i følge planen gjennomført når søknaden om tilskot vert handsama. I dette høvet har Bygdeutviklingsutvalet ved fleire høve, løyvd midlar til tiltak etter gjennomføring.

Med bakgrunn i søknaden sitt føremål og innhald, og tilgjengelege midlar, går Kommunedirektøren inn for å løyve kr. 15 000,- i tilskot til arrangementet «Eidslandsviking» på Eidslandet i 2022.

Tilskotet vert løyvd som ein fastsett sum, med krav om bruk og dokumentasjon i høve søknaden.

Søknad om Bygdeutviklingsmidler til Eidslandsviking.

Søker og ansvarlig for prosjektet er:

Hallvar Helle i samråd med Eidsland Grendalag.

Eidslandsviking er planlagt som eit årleg arrangement for å formidle kulturhistorie fra jernalder/vikingtid. Eidslandsviking blir eit sted der tilreisande ildsjeler samlast for ei helg og syner aktiviteter og formidlar av den kunnskap dei har om denne tida, her kan besøkjande sjå kva klede man nytta og korleis forskjellige typar handverk vart utført. Det kan være spinning og farging av ull, forskjellige vevingsteknikker slik som oppstadvev, brikkevev. Anna handarbeid som smiarbeid, lærarbeid og træskjæring og tømring. Prosjektet er langsiktig og på sikt kan være med å bidra til å bygge opp om framtidige moglegheiter for å etablere eit opplevingsenter i kommunen og skape interesse for jernalder/vikingtid og formidle kunnskapet om levesettet man hadde.

Det er og tenkt å halde aktiviteter som besøkande kan prøva seg på, det være tradisjonell bueskyting, øksekast, lek, sang og musikk. Eg har fengje med meg folkemusikar Anette Aga fra bergen som vil underhalda litt, og Bueskytter, mester buemaker av historiske buer Steve Stratton kommer og tilbyr besøkende å prøve seg på tradisjonell bueskyting.

Aktiviteter som bueskyting og økseasting vil kreve invisteringer i form av nett og blinker.

Videre kan behov for invisteringer som PA-utstyr som er egnet for utendørsbruk bli naudsynt.

Personell for sikkerhet, helse er tenkt ved å engasjere inn Dale Røde Kors.

Arrangementet er planlagt 23-25. September 2022 ved Åsen på Eidslandet, her kommer også fasilitetene til Grendahuset til nytte i form av toalett, kjøkken, og grendalaget kan nytta høvet til å ha litt kafedrift.

Det er ønskelig for meg at det blir eit familievenlig arrangement som er tilgjengeleg for alle.

Det er derfor tenkt at barn under 12 år får gratis adgang og dei over, pluss vaksne betaler maks 50 kr og er gyldig for heile helga.

For å hjelpe og dekke kostnader til dette søker eg om bygdeutviklingsmidler kr 15.000 til å dekke naudsynte utgifter for å få prosjektet i gang og at det videre kan klare å stå mest mogleg på egne bein i framtida.

Invilget søknad bes betalt til Eidslandet Grendalag, k.nr. 3500 51 21076, merket Eidslandsviking.

Vedlagt ligger estimert budsjett for arrangementet på utgiftsiden og bildeeksempler fra andre tilsvarende arrangement.

Eigeninnsats.

-Promotering.

-Administrativt arbeid.

-Frivillig drift av grendahuset/kafe.

-Tilrettelegging av arrangementsområde

-Mottak av deltagere, adgang, billetter.

-Opprydning og renovasjon.

Enkelt budsjett.

-Bueskyting, utstyr ca 5000,-

-Økseasting, utstyr ca 5000,-

-Ved, ca 2000,- (naudsynt til jernalder matlaging, farging av tøy, osv)

-Underhaldning 3000,- (PA/lyd, enkel scene, osv.)

-Dale røde kors, førstehjelp. Kr 1000,- (

På vegne av Eidsland Grendalag, og som initiativtaker/ansvarlig arrangør for Eidslandsviking
Hallvar Helle.



Trearbeid og tømring





Matlaging på Jernalder vis



Farging av ullgarn



Besøk hjå skomakeren



Teltleir, her fra Eidfjord Vikingfestival.



Trening på sverdkamp

Underholdning og musikk

